

Plan for folkehelse

2009-2013



Luster kommune

Vedteken av Luster kommunestyre
28.05.2009, sak 34/09

Føreord

Kommunestyret i Luster vedtok i mai 2008 å opprette Folkehelse-/Politiråd.

I K-sak 51/2008 pkt 3 står det:

”Folkehelse-/Politirådet får i oppgåve å arbeide fram ein felles handlingsplan for Luster kommune. Planen skal føreleggjast kommunestyret for godkjenning.”

Folkehelse/politirådet legg med dette fram sitt utkast til felles handlingsplan.

Innhold

Føreord.....	3
1. Bakgrunn, forankring og organisering.....	5
1.2 Koplingar til andre planar og dokument.....	6
1.3 Organisering.....	7
2. Plan for folkehelse 2006-08. Evaluering.....	8
2.1 Satsingsområda.....	8
Rus- og tobakksførebygging	8
Fysisk aktivitet.....	8
Kost og ernæring.....	9
Psykisk helse	9
2.2 Generell status.....	9
3 Mål og strategiar 2009-13	10
Hovudmålsetjing	10
Mål:	10
Strategiar – alle har lik prioritet.....	10
4. Satsingsområde og handlingsprogram 2009-13	11
4.1 Rus- og tobakksførebygging.....	12
4.2 Kost og ernæring.....	13
4.3 Fysisk aktivitet.....	14
4.4 Psykisk helse	16
4.5 Politiet som samarbeidspartnar, kriminalitetsførebyggande tiltak	17
5. Informasjon	18

1. Bakgrunn, forankring og organisering

I botn for folkehelsearbeidet i Luster kommune ligg Stortingsmelding nr. 16 *”Resept for et sunnere Norge”*, godkjent i statsråd 10.januar 2003. Hovudmålet med folkehelsearbeidet vil for dei neste åra vere å få til *”et systematisk, forpliktende og helhetlig folkehelsearbeid i kommunen. Skal vi lykkes må mange aktører i samfunnet mobiliseres”*

I januar 2004 vart Luster kommune invitert med i partnerskap for folkehelse med Sogn og Fjordane fylkeskommune. **Luster kommunestyre** gjorde slikt vedtak i møte den 17.06.04, sak 0052/04:

”Luster kommune ønskjer å delta i partnerskapet for folkehelse med Sogn og Fjordane fylkeskommune. Formannskapet får mynde til å godkjenne endeleg avtale. Tiltaka i ruspolitisk handlingsplan skal prioriterast”.

Partnerskapsavtalen gjeld i fylkesplanperioden 2005-2008. I brev frå fylkeskommunen datert 09.12.2008, arkivsak nr 3354/08, forlengar fylkeskommunen gjeldande avtale til 2011 dersom kommunen ikkje sjølv seier opp avtalen.

I mai 2008 vart Strategigruppe for folkehelse omgjort til Folkehelse- og Politiråd for Luster kommune. Dette vart gjort med bakgrunn i sterke oppmodingar i rundskriv frå departementet om oppretting av politiråd i alle kommunar(K-sak 51/2008):

- ”1. Det vert oppretta eit Folkehelse- og politiråd i Luster kommune, der ordføraren vert leiar.
2. Mandatet til rådet vert som for tidlegare Strategigruppe for folkehelse. Mandatet vert likevel utvida slik at rådet vert høyringsinstans i plan- og delplansaker som fell inn under rådet sitt interessefelt.
3. Folkehelse- og politirådet får i oppgåve å arbeide fram ein felles handlingsplan for Luster kommune. Planen skal føreleggjast kommunestyret for godkjenning.”

Luster valde å gjere lokale tilpassingar ved å slå saman Strategigruppe for folkehelse med SLT gruppa, då dei var likt samansette. Mandatet til gruppa vart det same som tidlegare strategigruppe , men der politiets satsingsområde innan førebygging av rus, kriminalitet og tryggleik vert innlemma i plan for folkehelse.

Planprosessen:

Folkehelserådet sette i møte 14.10.08 ned ei arbeidsgruppe for å jobbe fram ny handlingsplan.

Gruppa har bestått av:

- Ivar Buskaker (politisk vald i Folkehelse-/Politiråd),
- Anne Helen Strandabø (Helsestasjon),
- Britt Optun (frivillige organisasjonar),
- Olfert Øvrebø (PPT)
- Ken Eivind Thompson (Folkehelsekoordinator).

Det har vore 3 møter i arbeidsgruppa.


Folkehelse-/Politiråd har hatt to møter med planen som tema, og Folkehelserådet har fått høve til å uttale seg.

1.2 Koplinger til andre planar og dokument

Det er mange planar og dokument som har innverknad på folkehelsearbeidet. Regjeringa utarbeidar planar som legg føringar for folkehelsearbeidet, og Luster kommune lagar sjølv planar som har innverknad på folkehelsa i Luster. Lista er ikkje uttømmende.

- St.meld. nr. 16 (2002-2003): *Resept for et sunnere Noreg*
- Sosial og Helsedirektoratet (2005): *Sosioøkonomiske ulikheter i helse, teorier og forklaringar*
- Sosial og Helsedirektoratet (2007): *Sosiale ulikheter i helse i Noreg, en kunnskapsoversikt*
- Departementene; Handlingsplan for fysisk aktivitet 2005-2009 *Sammen for fysisk aktivitet*
- Sogn og Fjordane fylkeskommune; Fylkesplanen 2005-2008 *Folkehelse og livsutfalding*
- Sogn og Fjordane fylkeskommune; Fylkesdelplan 2006-2009 *For idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse*
- Luster kommune: *Kommuneplan for Luster 2007-2018*
- Luster kommune: *Plan for psykisk helse 2007-2010*
- Luster kommune: *Ruspolitisk handlingsplan 2008-2011*
- Luster kommune: *Kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet 2008-2019*

1.3 Organisering



Folkehelse-/Politirådet inngår i Folkehelse-/Politirådet. Folkehelse-/Politirådet er eit breitt samansett rådsorgan. Frå dette er det danna arbeidsgrupper som arbeider med konkrete tema. I tillegg til arbeidsgruppene, syner dei nedste boksane folkehelsearbeidet i praksis, som enten direkte eller indirekte har koplingar til Folkehelse-/Politirådet.

2. Plan for folkehelse 2006-08. Evaluering

Den førre planen har vore eit nyttig styringsdokument for folkehelsearbeidet i Luster kommune. I planperioden har strategigruppa fått ei utvida målsetjing, då den har blitt omdefinert til Folkehelse-/Politiråd. Intensjonen er å skape eit forpliktande samarbeid mellom politi og kommune i det førebyggjande arbeidet. Dette må den nye planen ta opp i seg. Stillinga som folkehelsekoordinator er auka opp til 50 % , kombinert med 50 % som ungdomskontakt. Det har vore utskifting i stillinga ein gong kvart år.

2.1 Satsingsområda

Luster kommune har i planen for 2006-08 valt å satse på områda rus- og tobakksførebygging, fysisk aktivitet, kost og ernæring og psykisk helse. Luster har i 2008 kome med i ungdomsundersøkinga som vert gjennomført i Sogndal, Leikanger, Vik og no Luster. Undersøkinga stiller spørsmål om røyke-, alkohol- og rusvanar blant ungdom på ungdomsskulen og vidaregåande skule. Deltaking i undersøkinga over tid kan gje statistikk på situasjonen i Luster kommune. Partnerskapsavtalar som arbeidsmåte er eit verktøy som kan nyttast for å involvere og synleggjere den store og viktige innsatsen som vert lagt ned av frivillige organisasjonar.

Dei ulike tiltaka er evaluert under dei satsingsområda dei er nemnde i planen, noko som kan gje eit ufullstendig bilete av enkelte tiltak. Nokre av tiltaka kan ha innverknad på fleire satsingsområde, t.d. så er uformelle rusfrie møtestadar og fritidsklubbar meir enn rus- og tobakksførebygging.

Rus- og tobakksførebygging

Team 49 er no innført i alle grunnskulane. Team 49 er organisert som ein klubb med medlemsfordelar, og tek opp tema som respekt, rus og sunn livsstil. Korleis og kor mykje ein jobbar med Team 49 er varierende frå skule til skule. Effekten av Team 49 på rus- og tobakksførebygging er førebels ikkje dokumentert.

Nattugler og foreldra si rolle i rusførebygging har fått auka fokus i siste periode av planperioden. Det er rekruttert mange nye nattugler frå Gaupne og Hafslo. Ulike studiar har vist god effekt av å involvere foreldre og foreldrenettverk med tanke på rusførebygging blant ungdom.

Uformelle rusfrie møtestadar. Kommunen gjer tilskot til lag og organisasjonar som driftar fritidsklubbar. Ordninga fungerer for Hafslo og Jostedal. Nokre fritidsklubbar er ikkje med i denne ordninga, m.a. Gaupne.

I budsjettvedtak for 2008 er det tatt inn eit nytt punkt om å utvide folkehelseprosjektet med "*Ein stad å vere*" for ungdom i Gaupne. Eit slikt tiltak vil krevje eit stort løft som det med dagens rammer for folkehelsearbeidet ikkje er mogeleg å gjennomføre. Ungdommen må vere aktive i prosessen med å utvikle eit slikt tilbod.

Fysisk aktivitet

Danseverkstaden er godt etablert, og har undervisning for over 100 barn og unge ein gong i veka. Nye instruktørar har blitt utdanna, desse tek over ansvaret for danseverkstaden frå januar 2009. Mange av dei gamle instruktørane vil halde fram med å ha dansetimar. Konseptet med aktivitetsekveldar på treningssenteret (*ME`N`U*) er i drift med eit ungdomsstyre og eit vaksenstyre. Det er opent annakvar fredag, og er godt nytta.

Luster er med i "Trygge eldre", og driv treningsgruppene "Betre balanse" på alle 3 omsorgssentera ein gong i veka. Det er ønskeleg å auke hyppigheiten på denne treninga for å oppnå dokumentert effekt.

Kost og ernæring

Alle grunnskulane i Luster kommune har gratis frukt og grønt til elevane. Kantina ved Luster Vidaregåande Skule har fokus på sunn mat som ein del av sitt folkehelsearbeid. Dei har og bytt ut brusautomatar med vasskjølarar. Alle barnehagane har fått invitasjon til å delta i prosjektet "Fiskesprell", med målsetjing om å auke inntaket av fisk i barnehagen. Tre barnehagar har meldt seg på, med oppstart i 2009. Team 49 tek opp kosthald som del av sunn livsstil i 7. klasse.

Psykisk helse

Psykisk helse er eit svært omfattande område som er vanskeleg å evaluere punktvis. Av tiltaka som er nemde i førre plan, er Olweus og Team 49. Olweus er no over i ein driftsfase etter å ha vore i ein implementeringsfase. Skulane kan vise til spørjeundersøkingar som syner redusert mobbing. Ungdomsskulane nyttar seg av programmet "Alle har ei psykisk helse" som ein del av arbeidet med Team49.

2.2 Generell status

Med folkehelse meiner ein helsetilstanden hjå innbyggjarane og korleis helsa fordelar seg blant innbyggjarane. Folkehelsearbeid er soleis arbeid for å bygge helse og trivsel samt førebygge skader og sjukdom, og arbeide for ei jamnare fordeling av faktorar som påverkar helse.

I Noreg og den vestlege verda vert helsa stadig betre, men det er store forskjellar mellom kjønn, sosiale lag og etniske grupper. Nokre av desse forskjellane er aukande. Livsstilssjukdommar og inaktivitet vert trekt fram som store helseutfordringar i åra som kjem, og er knytt til endra levevanar og samfunnsutvikling, mellom anna redusert behov for fysisk aktivitet i transport og arbeidsliv. Kommunehelseprofilar er eit verktøy laga av Sosial og Helsedirektoratet, som på ein anvendeleg måte gjev eit bilete av helsesituasjonen i alle kommunar. Dette kan nyttast for å få eit overblikk over situasjonen og utfordringar i Luster kommune.

Arbeidet med å skape gode oppvekst- og levevilkår krev difor ei tilnærming på tvers av sektorar og faglege og organisatoriske grenser.

3 Mål og strategiar 2009-13

Hovudmålsetjing

Luster kommune skal vere ein god plass å vekse opp. Kommunen skal stimulere til aktive, levande og inkluderande lokalsamfunn der helse, kultur, trivsel og tryggleik vert sett i samanheng.

Mål:

Rus og tobakksførebygging

- utsetje debutalderen for alkohol til over landsgjennomsnittet
- førebygge røykestart

Kost og ernæring

- sette sundt kosthald på dagsorden i dei eksisterande måltida i skule/SFO og barnehage
- god informasjon om sundt kosthald til alle aldersgrupper

Fysisk aktivitet

- Alle barn og unge bør ha minst 60 minutt fysisk aktivitet dagleg
- Alle vaksne bør ha minst 30 minutt fysisk aktivitet dagleg

Psykisk helse

- mobbefri kvardag

Politiet som samarbeidspartnar

- Politiet si viktigaste oppgåve skal vere å førebygge og forhindre kriminalitet

Strategiar – alle har lik prioritet

- Vi skal legge til rette for at det vert enkelt å ta dei sunne vala
- Vi skal samarbeide med lag, organisasjonar og institusjonar for å oppnå målsetjingane
- Vi skal synleggjere høva for det enkle kvardagsfriluftslivet
- Vi skal leggje til rette for mjuke trafikantar
- Vi skal ha fokus på universell utforming i all bygging og tilrettelegging
- Vi skal jobbe aktivt for å minke sosiale ulikskapar i helse
- Vi skal leggje til rette for eit lavterskeltilbod innan fysisk aktivitet for målgruppa inaktive personar
- Vi skal ha eit lokalt forankra politi som samhandlar og samarbeidar med lokale myndigheiter, næringsliv og andre aktørar
- Vi skal gjere lærarar, fritidsleiarar, foreldre og andre vaksne medvitne på den store verknaden av deira føredømme

4. Satsingsområde og handlingsprogram 2009-13

Folkehelsearbeidet skal ha utgangspunkt i dei mål og tiltak som ligg kommuneplanen og i ruspolitisk handlingsplan, plan for psykisk helse, og kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet . Tiltaka i ruspolitisk handlingsplan skal prioriterast. Vidare skal folkehelsearbeidet byggje på eksisterande tiltak, både dei i regi av kommunen, politiet og dei frivillige organisasjonane. Barn og unge er ei prioritert målgruppe.

Satsingsområda for folkehelsearbeidet har vore rus- og tobakksførebygging, kost- og ernæring, fysisk aktivitet og psykisk helse.

Folkehelserådet har uttalt at det er viktig med eit langsiktig perspektiv i dette arbeidet, og vil prioritere dei same satsingsområda for denne planen. Luster kommune skal i tillegg ha fokus på fysisk aktivitet i friluft for å nytte seg av dei naturlege føresetnadane Luster har for friluftsliv.

Førebygging av ulukker vil ha stor innverknad på folkehelse og livskvalitet. Tettare samarbeid mellom politi og kommune bør ha dette som fokus. Deltaking i Trygge Eldre handlar om ulukkesførebygging, mellom anna gjennom fysisk aktivitet. Over 80% av ulukker blant personar over 65 år er fallulukker , og mange eldre får kvart år redusert livskvalitet som følgje av lårhalsbrudd. Eit lårhalsbrudd er kostnadsberekna til 250.000 kroner.



Figur 1: Illustrerer samanhengen mellom individet sitt ansvar for eiga helse, og samfunnet sitt ansvar for å legge tilhøva til rette. Folkehelsearbeidet har som mål at bakken ikkje vert for bratt. (Kjelde: Helsedirektoratet)

4.1 Rus- og tobakksførebygging

Overordna mål:

- utsetje debutalderen for alkohol til over landsgjennomsnittet
- førebygge røykestart

Nasjonale og lokale målsetjingar er å heve debutalderen for alkohol. Debutalderen for alkohol har klare samanhengar med totalkonsumet i vaksen alder. Gjennomsnittleg debutalder nasjonalt har vore stabil rundt 15 år over tid (kjelde: SIRUS).

Handlingsprogram rus og tobakksførebygging:

Mål	Tiltak	Gjennomføring	Ansvar
Utsetje debutalderen for alkohol	Nattugleprosjektet	Årleg informasjon på foreldremøte 8. klasse	FHK Lensmann
	Foreldrenettverk	Årleg informasjon på foreldremøte i ungdomsskulen.	FAU FHK Lensmann
	Team 49*	Årleg	FHK
Førebygge røykestart	FRI**	Årleg	Oppvekst
Kompetanseheving	Kursing av ungdomsarbeidarar og fritidsleiarar på regionsamlingar.	Årleg	FHK
	Kursing i foreldrenettverk som rusførebyggande metode	2009	FHK

*Team 49 rettar seg mot 5. til 10. klasse, og har som mål å gjera elevane i stand til å foreta egne val basert på kunnskap, haldningar og tryggleik til tema. Tek opp tema som respekt, sunn livsstil, rus og psykisk helse.

**FRI er eit landsomfattande program frå Sosial- og Helse- direktoratet som arbeider med tobakksførebygging.

4.2 Kost og ernæring

Overordna mål:

- sette sundt kosthald på dagsorden i dei eksisterande måltida i skule/SFO og barnehage
- auke fokus på vatn som tørstedrikk

Handlingsprogram kost og ernæring:

Mål	Tiltak	Gjennomføring	Ansvar
Sunn mat og drikke lett tilgjengeleg for barn og unge	Tilgjengeleg drikkevatt på skulane – vasskjølarar på ungdomsskulen	Mars 2009	FHK Tannhelsetenesta
	Gratis frukt og grønt på alle skulane	Kontinuerleg	Oppvekst
	Kartlegge eksisterande måltid i SFO	2010	FHK Oppvekst
	Sunn mat tilgjengeleg på idrettsarrangement	2011	FHK
	Team 49 – sunn livsstil	Årleg	FHK
	Prosjekt vedrørande førebygging og tiltak i høve overvekt og fedme hjå barn og unge	Prosjekt	Helsestasjonen
Kompetanseheving	Fiskesprell – meir fisk i barnehagen	Kompetanseheving 2009, Årleg drift	Oppvekst

Samanheng mellom kosthald, fysisk aktivitet og livsstilssjukdommar:

Sjukdom	For lite	For mykje
Hjerteinfarkt	frukt og grønt, fisk, fiskefett fysisk aktivitet	hardt fett, kolesterol
Høyt blodtrykk	frukt og grønt, fisk fysisk aktivitet	hardt fett, natrium-salt
Kreft	frukt og grønt, kostfiber fysisk aktivitet	energi, alkohol, salt, rødt kjøtt
Overvekt	fysisk aktivitet, kostfiber	energi, energitett mat, sukkerholdig drikke
Diabetes type II	fysisk aktivitet, kostfiber	energi, mettett fett
Benskjørhet	vitamin D, kalsium fysisk aktivitet	

Figur 2: Dei opplista sjukdomane kan ikkje heilt ut forklarast som livsstilssjukdommar. Lista må oppfattast som synleggjering av kjende faktorar som kan påverkast. (Kjelde: Helsedirektoratet)

4.3 Fysisk aktivitet


Overordna mål:

- Alle barn og unge bør ha minst 60 minutt fysisk aktivitet dagleg
- Alle vaksne bør ha minst 30 minutt fysisk aktivitet dagleg


Kommunen skal prioritere aktivitetar som har potensiale til å nå inaktive personar. Dette må sjåast på som eit supplement til all aktiviteten i regi av idrettslag. Kommunen sitt aktivitetstilbod skal ha lav terskel.

Det er viktig og sterkt ynskjeleg å auke tid til fysisk aktivitet i skulen. Deltaking i fysisk aktivitet har samanheng med sosial status, utdanning og inntekt. Skulen er ein viktig arena for å motvirke sosiale ulikskapar i helse.

Fysisk aktivitet kan definerast som: "Enhver kroppslig bevegelse initiert av skjelettmuskulatur som resulterer i en vesentlig økning i energiforbruket utover hvilenivå" (Caspersen og medarb. 1985)



Figur 3: Kjeldene til fysisk aktivitet er mange, og så veldig mykje meir enn det vi vanlegvis forbinder med trening. (Kjelde: Helsedirektoratet)



Figur 4: Ein auke i aktivitetsnivå frå lav til middels gjev stor helsegevinst. Dette tilsvarar 30 minutt moderat aktivitet dagleg som får deg til å puste litt meir enn vanleg. (Kjelde: Helsedirektoratet)

Handlingsprogram fysisk aktivitet

Mål	Tiltak	Gjennomføring	Ansvar
Legge til rette for auka aktivitet i barnehagen	Glede og fysisk aktivitet for førskulebarn	Forprosjekt 2009 Vidareføre 2010	FHK Oppvekst
Tilby lavterskel aktivitetar til barn og ungdom	Danseverkstad	Kontinuerleg	FHK
	ME`N`U – aktivitetsskveldar på Luster Treningssenter	Kontinuerleg	FHK
	Utrede mulighetene for auka fysisk aktivitet i skuletida.	2009	FHK Helsestasjon Oppvekst
	Prosjekt vedrørende førebygging og tiltak i høve overvekt og fedme hjå barn og unge	Prosjekt	Helsestasjon
Aktivere inaktive vaksne	Synleggjere høva for enkelt kvardagsfriluftsliv.	2010	FHK
	Utrede behov og muligheter for å etablere tilbod om fysisk aktivitet på dagtid for personar utanfor arbeidslivet og for personar som står i fare for å utvikle kroniske livsstilsjukdommar.	2011	FHK
Fysisk aktivitet for eldre med fokus på fall- og skadeførebygging	Deltaking i "Trygge Eldre"	Kontinuerleg	FHK
	"Betre balanse" – balansetrening på omsorgssentera	Kontinuerleg	Fysioterapitenesta
	"i 100 mot 100" – styrketrening for alle over 70 på Luster Treningssenter	Prøveprosjekt mars 2009	FHK
	Førebyggjande heimebesøk: fall- og ulykkeførebygging	2010	Ergoterapeut



Figur 5: Aktivitetskaka illustrerer viktigeit av kvardagsaktivitetar i eit helseperspektiv.
(Kjelde: UKK-instituttet, Finland)

4.4 Psykisk helse

Overordna mål:

- mobbefri kvardag

Hovudmålsetjinga "Luster kommune skal vere ein god plass å vekse opp. Kommunen skal stimulere til aktive, levande og inkluderande lokalsamfunn der helse, kultur, trivsel og tryggleik vert sett i samanheng" seier noko om at psykisk helse må sjåast i samanheng med veldig mange innsatsområde.

Folkehelsearbeidet skal ha fokus på å bygge god psykisk helse. I skulen er Olweus, Team 49 og programmet "Alle har en psykisk helse" nyttige verktøy for å sette fokus på psykisk helse.

Fritidstilbod skal vere inkluderande, og gje ei oppleving av meistring. Barn og unge er prioritert målgruppe.

Mål	Tiltak	Gjennomføring	Ansvar
Mobbefri kvardag	Olweus*	Kontinuerleg	Olweuskontakt
Sette psykisk helse på dagsorden i ungdomsskulen	"Alle har en psykisk helse"	Årleg	Oppvekst
	Markering av verdensdagen for psykisk helse 10. oktober.	Årleg	Skulane FHK Psykisk helseteam

*Olweus er eit program som arbeider for det psykososiale miljøet i skulen og mot mobbing. Ein lærar er Olweuskontakt for kommunen, og driftar eit nettverk av nøkkelpersonar på kvar skule.

4.5 Politiet som samarbeidspartnar, kriminalitetsførebyggande tiltak

Overordna mål:

- styrke lokalt samarbeid mellom lokalt politi og lokale myndigheiter, næringsliv og andre.

Folkehelse-/Politirådet skal gje kommunale myndigheiter høve til å kome med innspel til politiet sine prioriteringar og planlegging. Politiet skal ha høve til å påverke kommunen sine prioriteringar og planlegging, heile tida med målet å førebygge kriminalitet.

Arena: Folkehelse-/Politiråd

- avklare gjensidige forventningar til responstid, ressursar og prioriteringar, reguleringsplanar, skjenkepolitikk, skulestruktur og barne-/ungdomsarbeid.
- I fellesskap skape størst mogleg grad av tryggleik for kommunen sine innbyggjarar, samt ta vare på dei verdiane kommunen har i natur og miljø.

Målgruppe	Tiltak	Gjennomføring	Ansvar
Barn 0-12	Politibamsen Eddy	Etter behov	SLT-kontakt
	Gåprøve 6-åringar	Årleg	
	Politi og røver	Annakvart år	
	Team 49	Etter behov	
Ungdom 13-18	Team 49	Etter behov	SLT-kontakt
	Nettvett – Du bestemmer	Årleg	
	Politiets skuleperm	Etter behov	
	Informasjon til russen	Årleg	
Foreldre	Ungdomsundersøkinga	Gjennomførast årleg Presenterast for 8. klasse årleg	Lensmann
	Nattevandrer – sette grenser	Årleg 9. klasse	
Allmenn tryggleik	Trafikk	400 kontrollar årleg	Trafikkansvarleg
	Generell trafikktryggleik	Felles synfaring av kommunale vegar årleg	Lensmann/etatsjef
	Redusere førstegangskriminelle under 18 år	Bekymringsamtale	Lensmann
Miljø	Samarbeid med naturoppsyn	Heile året	Miljøkontakt

5. Informasjon

Informasjon er ein viktig del av folkehelsearbeidet. Det er avgjerande å nå ut til målgruppene med riktig og god informasjon. Kanalar ein kan nytte er

- Kommunen sine nettsider
- Sogn Avis
- Lustranytt
- Lokalradio
- Politiet sine nettsider
- Optimisten

Merkedagar

Desse dagane kan nyttast for å sette fokus på tema:

4. februar: World Cancer Day (WHO)

22. mars: Internasjonal dag for vatn (FN)

7. april: Verdens helsedag (WHO)

10. mai: Verdens aktivitetsdag

31. mai: Verdens tobakkfrie dag (WHO)

12. august: Internasjonal ungdomsdag (FN)


28. september: Verdens hjertedag (WHO)

1. oktober: Internasjonal dag for eldre (FN)


Første mandag i oktober: Internasjonal barnedag (FN)

10. oktober: Verdensdagen for mental helse (FN)

Politisk organisasjonsmodell



Innbyggjarar og tenestemottakarar



Administrativ organisasjonsmodell

Gul = Tenesteeiningar (32). Desse yter primært tenester til innbyggjarane i kommunen.
Grøn = Stabseiningar (7). Desse bistår rådmannen i hans arbeid, dels utad, dels i høve tenesteeiningane og dels i høve kommunen sine politiske organ.

Rådmannen har - på stabsnivået - peika ut "kontaktpersonar" for samtlige tenesteeiningar.

1) Kommunen har 9 skular og alle rektorane rapporterer til rådmannen (kontaktperson). Skulane er: **Skjolden skule, Dale skule, Gaupne skule, Hafslo barne- og ungdomsskule, Jostedal skule, Indre Hafslo skule, Luster ungdomsskule, Solvorn skule, Veitastrand skule.**

2) Kommunen har 10 barnehagar og alle styrarane rapporterer til rådmannen (kontaktperson). Barnehagane er: **Skjolden barnehage, Gamlestova barnehage, Gaupne barnehage, Grandmo barnehage, Hafslo barnehage, Indre Hafslo barnehage, Jostedal barnehage, Luster barnehage, Solvorn barnehage, Veitastrand barnehage.**

3) Interkommunal. Leikanger er vertskommune.

4) Interkommunal. Sogndal er vertskommune.

5) Partnerskap stat - kommune.